

# KONGELEG RESOLUSJON

**Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet**

**Statsråd: Rigmor Aasrud**

Ref. nr.:

Saksnr.: 200703632

Dato: 17.12.2010

## **Forskrift om mellombels unnatak fra konkuranseloven for avtaler om klinisk veterinærsvakt**

### **1. Bakgrunnen for saka**

Det offentlege har gjennom lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell (dyrehelsepersonelloven) teke på seg ansvaret for at det ligg føre eit tilbod om veterinærtenester. Dette omfattar òg tilbod utanom ordinær arbeidstid slik at det skal vere veterinærar på vakt. Kvar veterinærteneste i vaktperioden er ei avtale mellom seljar og kjøpar på vanleg måte. Før 1. januar 2008 hadde staten dette ansvaret. Dyrehelsepersonelloven § 26, om plikt for staten til å forhandle med yrkesorganisasjonane til dyrehelsepersonellet, er falle bort slik at kommunane nå må kjøpe vakttenestene på vanleg vis.

Ved kgl. res. 19. desember 2008 vart det gjeve forskrift om unnatak fra konkuranseloven §§ 10 og 11 for avtaler om klinisk veterinærsvakt med verknad ut 2010. Det har vore eit ynskje frå Den norske veterinærforening (DNV) og frå KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgjeverorganisasjon) om å få forlengje unnataket. Partane har i dag ei rammeavtale om veterinærsvakttenester som berre kan nyttast om veterinærane har unnatak for dei vilkåra i avtala som bryt med konkuranseloven. Avtala gjeld mellom anna prisar og leveringsvilkår ved organisering og gjennomføring av vaktoppdrag. Kvar kommune kan vedta å nytte avtala eller oppfylle ansvaret sitt for veterinærsvakt på anna vis.

Så lenge kommunane innskrenkar sitt engasjement i marknaden for slike tenester til det som er naudsynt for å oppfylle kravet om å organisere ei klinisk veterinærsvakt utanfor ordinær arbeidstid, trengst det ikkje unnatak for kommunane si åtferd i samband med avtaler om slike tenester.

Eit utkast til forskrift har vore på høyring. KS er tilfreds med at det framleis vert eit unnatak, men foreslår at unnataket vert gitt for 2 år. KS meiner at det i alle høve er upraktisk at unnataket sluttar å gjelde 30. juni, mellom anna i forhold til forhandlings, avtale- og

budsjettsistema. DNV uttaler at foreininga sett pris på at departementet er velvillig med omsyn til å gi eit forlenga unnatak frå konkurranseloven for veterinærvaktavtala. Samstundes ber DNV om at departementet foretar ei undersøking av marknaden for veterinære tenester, òg veterinærvakttenester.

Saka og utkastet til forskrift har vore lagd fram for Finansdepartementet og dei andre departementa saka gjeld.

## **2. Departementet sine vurderingar**

Målsetjinga bak reforma med overføring av ansvaret for veterinærtenestene til kommunane, var å få til ei veterinærvaktteneste som var tilpassa ulike lokale tilhøve.

I Ot. prp. nr. 68 for 2006-2007 uttalte Landbruks- og matdepartementet at *"Kommunene må få størst mulig fleksibilitet for å kunne tilpasse ordningene til lokale forhold. Når det ikke lenger er en lovbestemmelse som som gir anledning til å pålegge vaktplikt, bortfaller også de argumenter som talte for lovfesting av forhandlinger om organisering og godtgjøring for vakt deltakelsen. I stedet for detaljerte regler om klinisk vakt, er en overordnet ansvarsbestemmelse å foretrekke. Kommunene står da fritt til å vurdere om de ønsker en avtaleregulering av elementer i vaktordningen eller om de ønsker å tilby veterinærerne den godtgjørelsen for deltagelse som er aktuell etter de lokale forholdene."*

Same stad er det gjeve uttrykk for ei positiv vurdering av ei sentral avtale, mellom anna ut frå administrasjonskostnadene om kvar ein skild kommune skulle forhandle.

Fornyings-, og administrasjons- og kyrkjedepartementet kan sjå at kommunane har omstillingsproblem med omsyn til aktivt å fylge opp ansvaret sitt etter lovendringa. Det kan på kort sikt verke mest tenleg å forlengje sentralt avtalte ordningar. Departementet kan vidare sjå ei trong for gjennomgang av rammene for organisering av vakttenesta før ein finn fram til ei meir varig løysing for vaktordninga sitt forhold til konkurranseretten. Det gjelder mellom anna praktisk utforming av dei statlege tilskota til kommunane i samband med deira ansvar for veterinærdekninga. Vidare lyt det gjennomførast ei nærmare kartlegging og vurdering av dei utfordringane som må handsamast om veterinærane ikkje lengre kan nyte prissamarbeid og marknadsdeling for å organisere veterinærvakta. Departementet er kome til at ein vil gje eit nytt mellombels unnatak og at det ut frå ei samla vurdering vert gjeldande for eit og eit halvt år fram til 30. juni 2012.

Unnataket gjeld den norske konkurranselova. EØS-konkurranse-reglane og anna regelverk vil gjelde for vakttenestene så langt dei er omfatta av verkeområdet for desse.

Forskrifta om unnatak gir, som det nogjeldande, unnatak for dei konkurranseregulerande avtaler og handlingar som er naudsynte for å gjennomføre avtalar med kommunane om klinisk veterinærvakts. Reguleringar og handlingar som ikkje er naudsynte, vert ikkje omfatta. Med *naudsynte* er meint reguleringar av det slaget som går fram av rammeavtala mellom DNV og KS.

”Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet

tilrår:

Forskrift om mellombels unnatak frå konkuranseloven for avtaler om klinisk veterinærvakts vert fastsett i samsvar med eit vedlagt forslag.”



## **"Forskrift om mellombels unnatak frå konkuranseloven for avtaler om klinisk veterinærvakt**

(Fastsett ved kgl.res. 17.desember 2010. Fastsett med heimel i lov 5. mars 2004 nr. 12 om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssammenslutninger (konkuranseloven) § 3 andre ledet. Fremja av Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.)

### **§ 1. Føremål**

Føremålet med denne forskriften er å avgrense bruken av forboda i konkuranseloven slik at det kan lagast rammeavtaler og avtaler om organisering av og godtgjering for deltaking i klinisk veterinærvakt. Slike avtaler kan nyttast når kommunane og veterinærane skal forhandle om godtgjering og vilkår for deltaking i og organisering av slik vakt.

### **§ 2. Unnatak for samarbeid mellom veterinærar om avtaler med kommunar om etablering og drift av klinisk veterinærvakt**

Konkuranseloven § 10 og § 11 vert ikkje nytta på avtaler, avgjerder, samordna praksis mellom veterinærar, eller einsidige handlingar gjort av veterinærar eller deira organisasjonar. Dette gjeld berre når handlingane er naudsynte for å kunne forhandle fram og gjennomføre avtaler mellom desse og kommunane for å oppfylle ansvaret kommunane har for å syte for ei veterinærvakt-ordning etter lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell med seinare endringar. Vilkår som svarar til dei som er tekne inn i avtala mellom KS og Den norske veterinærforening reknast som naudsynte etter andre punktum.

### **§ 3. Plikt til å påvise heimel**

På førespurnad frå konkurransestyresmaktene pliktar alle som vil nytte unnataket i § 2 å gjere greie for kva for avtale nemnd i § 2, som regulerer forholdet.

### **§ 4. Virketid**

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2011 og gjeld til 30. juni 2012."